

Fitjar kommune

Detaljregulering for Skulehaugane/Smiaskogen, gnr./bnr. 50/5, 50/6 m.fl., Dåfjorden

Plan-ID: 202301

Planprogram



Dagsett: 27.06.2023

Revidert til høyring:

Revidert etter høyring:

Revidert etter vedtak i Fitjar kommunestyre:

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	BAKGRUNN OG FØREMÅL.....	3
1.2	GJELDANDE PLANSTATUS	4
1.3	LOKALISERING OG PLANAVGRENSING	4
2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	5
2.1	PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING	5
2.2	PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	6
3	FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET	6
4	UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR	7
4.1	BUSTADUTVIKLING OG SAMFUNNSVERKNAD	7
4.2	FRILUFTSLIV	8
4.3	LANDSKAP	8
4.4	NATURMANGFALD	9
4.5	FOLKEHELSE, NÆRMILJØ OG VERKNADER FOR BARN OG UNGE	9
4.6	KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	9
4.7	TEKNISK INFRASTRUKTUR	10
4.8	RISIKO OG SÅRBARHEIT	10
5	UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING	11
5.1	ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST	11
5.2	UTGREIINGSTEMA OG -METODE	12


1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Dåfjorden Utvikling AS.

Hovudføre mål med ny plan	Nytt bustadområde
Planområdets storleik	Om lag 131 daa
Aktuelle problemstillingar	Tilkomst/trafikk, landskap/estetikk, naturmangfald og samfunnsverknadar
Krav om konsekvensutgreiing	Ja
Politisk prinsippavgjersle	03.05.2023
Oppstartsmøte	21.03.2023
Godkjenning av varsel om oppstart	
Vedtak av høyring av planprogram	
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	
Vedtak planprogram	

1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med detaljreguleringsplanen er å utvikle eit nytt bustadområde i nær tilknytning til Selevik skule. Det er i dag få ledige tomter i Dåfjorden, og ein ønskjer difor å leggja til rette for eit nytt bustadfelt for vidare utvikling av Dåfjord-bygda. Ein ser føre seg etablering av einestader og meir konsentrert busetnad – fleirmannsbustadar. I tillegg vert det sett av areal til nye vegar, parkeringsareal, leikeareal og grøntområde. Planområdet ligg på begge sider av fv. 5068 Dåfjordvegen, og det må etablerast to nye avkøyrslar frå fylkesvegen inn til bustadområda.



Det vert lagt opp til bygging av bustadar i 1-3 etasjar, der bygningane skal tilpassast terreng og landskap. Som utgangspunkt i prinsipp-skissa er det lagt til grunn ei utbygging på om lag 30 – 35 einestader og 25 einingar for meir konsentrert busetnad. Det vil verta mykje grøntområde i tilknytning til bustadområdet, og ein vil ta vare på naturlege og sær-egne element i området.



Figur 1 Skisse over moglege utvikling av området.

Innanfor planavgrensinga er arealet til Selevik skule og fylkesvegen teke med etter oppmoding frå Fitjar kommune.

1.2 Gjeldande planstatus

Området er i kommuneplanens arealdel synt som LNRF-areal, delar av området er synt til offentleg/privat tenesteyting – Selevik skule. Sør-vest i området er det synt faresone H370_2 høgspenningsanlegg og infrastruktur vatn-leidning. Nord-aust for området er det synt infrastrukturene H410_1, planlagt veg. Arealet er ikkje tidlegare regulert.

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det at Selevik er eit av områda i kommunen med vekst i folketals-utviklinga. Om Selevikbygda står: «*Lokalmiljøet er prega av sterkt initiativ for å få folk til å busetja seg i bygda m.a. gjennom Dåfjorden næringsforum. Dette viser att i form av auka befolkningsvekst i området, noko som er særskilt positivt. Eit auka folketal i området vil krevja nytt byggefelt, og betre vegløyving*».




Figur 2 Utsnitt gjeldande kommuneplan for Fitjar kommune. Figur 3 Lokalisering av planområdet i Dåfjorden.

1.3 Lokalisering og planavgrensing

Planområdet ligg i Dåfjorden i Fitjar kommune, like ved Selevik skule. Planområdet inkluderer delar av fv. 5068 Dåfjordvegen. Området består i dag i all hovudsak av utmark med barskog. Det er ikkje etablert bygningar eller tiltak i planområdet, med unntak av fylkesvegen og anlegg tilknytt Selevik skule. Areal innanfor planområdet er ikkje i bruk til beiting eller andre landbruksføremål.

Planområdet er om lag 131 daa, og består i hovudsak av areal frå eigedomane gnr./bnr. 50/5, 50/6, 50/85 og 50/171. I tillegg er mindre delar av eigedomane 50/10, 50/19, 50/162 og 53/1 innlemma i planområdet. Gbnr. 50/85 og 50/171 er eigd av Fitjar kommune, gbnr. 50/162 er eigd av Vestland fylkeskommune, medan resterande eigedomar er i privat eige.



Figur 4 Forslag til planavgrensing

2 Planprosess og medverknad

2.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte paratar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og KU. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med pbl. § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017). Arealformålet er ikkje i samsvar med overordna plan. Planen vil såleis kunne omfatte tiltak lista opp i forskift om konsekvensutgreiing sitt vedlegg I, og vi vurderer at reguleringsplanen kjem inn under § 6 b) i forskrift om konsekvensutgreiingar:

§6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding.

b) Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen

Planframlegget kjem inn under følgjande tiltak i Vedlegg I:

- 25. Nye bolig- og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan

Det vert ikkje planlagd for bygg med BRA over 15.000 m², jf. punkt 24. Planen vil vera omfatta av forskrifta sin § 6 Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding og konsekvensutgreiing. Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn saman med varsel om oppstart.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med KU. Føremålet med KU er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. KU skal sikre at desse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår med avbøtande tiltak.

2.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspartar og får tilsendt varsel direkte etter liste i frå Fitjar kommune. I tillegg vert nærliggjande grunneigarar, òg etter liste i frå Fitjar kommune, varsla direkte i brev form. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

Ein vil undervegs i planarbeidet vurdere å gjennomføre ope folkemøte og elles ytterlegare medverknad og prosess.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram vert saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentlig mynde og varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentlig ettersyn. Naboar og offentlig mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentlig ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

Førebels tidsplan

Prinsippsøknad	mai 2023
Planprogram	juni 2023
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	september 2023
Vedtak planprogram	desember 2023
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	haust-vinter 2023-2024
Høyring planforslag, og ope høyringsmøte	vår 2024
Vedtak	sommar-haust 2024

3 Føringar og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

Nasjonale og regionale føringar og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional planstrategi for Hordaland 2016 - 2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (under revisjon, planprogram 2022-2027)

- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Plaststrategi - ein plastfri natur og hav i Vestland
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035

Lokale føringar og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040
- Kommuneplanen sin arealdel 2012
- Trafikktryggingsplan 2021-2031 (høyringsversjon)
- Risiko og sårbarheitsanalyse ROS, Stord og Fitjar. 2014
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020-2030
- Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030
- Landbruksplan Stord og Fitjar 2018
- Kulturminneplan 2015 – 2025
- Skulebruksplanen 2019 - 2023

4 Utfordringar og sentrale problemstillingar

Utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Dei ulike temaa skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar.

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa.

4.1 Bustadutvikling og samfunnsverknad

Det er eit stort behov for nye bustadareal i Dåfjorden, då det er svært få ledige tomter igjen i denne delen av Fitjar kommune. Utvikling av området er ønska i frå busette i området og frå kommunen, og i kommuneplanen sin samfunnsdel står det at Selevik er eit av dei områda i kommunen med vekst i folketalsutviklinga. Om dette skal forsetja er det naudsynt å regulera fleire område for bustadutbygging.

Det skal gjerast nærare greie for omfang og kva bustadtypologiar som er tenkt etablert i området. Bustadprosjektet skal bidra til å dekke forventa befolkningsvekst i Dåfjorden, og skal imøtekoma nye bustadpreferansar ved å kunne tilby både små og store einingar for einebuane, par og familiar. Bustadane og uteromma si utforming skal vera med på å skapa eit bustadområde av god kvalitet. Områda skal planleggjast for å ta vare på gode soltilhøve og tilpassast lokalklimaet. Det skal leggjast til rette for uformelle møteplassar og trivelege fellesareal innanfor områda.

Det vil setjast av areal til bustadbygging med gode grøntområde, leikeareal og parkeringstilhøve. Tilkomst vil vera frå eksisterande fylkesveg, Dåfjordvegen. Nytt bustadområde vil forsterke bygda Dåfjorden/Selevik, og vil liggje i gangavstand til skuleområdet. Prosjektet skal leggast til rette for sosial berekraft gjennom auka sambruk, fleire typar fellesareal og uformelle møtestadar for bebuane.


Det skal takast omsyn til massebalanse og terrenginngrep i området for å få minimal massetransport i anleggsfasen. Det vil leggjast til rette for grønstruktur og tilkomst ut til naturområda i nærleiken. Ein skal ta omsyn til overvasshandteringa i eit klimaperspektiv, overvatn skal handterast lokalt ved bruk av blå-grøne løysingar.

4.2 Friluftsliv

Området ved Selevik skule er registrert som eit viktig friluftslivsområde av områdetypen leike- og rekreasjonsområde. Området er viktig for skulen og lokalsamfunnet i Dåfjorden. Ved gjennomføring av planarbeidet vil ein leggja betre til rette for tilkomst og parkeringsareal til dette området.

I nærleiken til planområdet er det òg registrert eit viktig friluftslivsområde, Bergtjørna, vest for området. Dette tjernet vert nytta til kano/båtar i sommarhalvåret og skøyting vinterstid. Det er og etablert ein tursti frå Selevik skule til Fiskaneset, denne vert òg nytta som skuleveg delar av året. Fylkesvegen mellom dei to delområda er del av ei registrert turløype; Sælevik – Svartasmoget, Skaravågen – Sælevik. Det går ein tursti gjennom delområdet på nordsida av fylkesvegen, denne er tenkt ivareteken i planarbeidet. (Sjå kartutsnitt under)

I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv samt tilgjenge til attraktive friluftsområde.



Figur 5 Kartlagte friluftslivsområde

4.3 Landskap

Aurland naturverkstad har utført ei verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011), med utgangspunkt i Nasjonal referansesystem for landskap. Planområdet ligg i skjeringspunktet mellom tre landskapstyper Nordstokken – Vestlandets skogsåser, Sagvågsfjorden – Stokksund – Middels brede fjordløp og Stokksund – brede fjordløp og opne fjordmunninger som alle er vurdert å vera vanleg førekomande landskap (verdi 2). Åslandskapet utgjer i hovudtrekk område med bølgerande vekslingar mellom ryggar, kollar og forseinkingar av ulik utforming – frå markerte sprekkedalar til opne, lågtliggjande botnar og dalgangar. Åslandskapet har i dei fleste tilfelle ein viktig rolle som nærfriluftsliv og som ramme for tettstadsmiljø. Området ligg innanfor NiN-landskapstypen Ytre fjordbygder på Vestlandet, i underregion Beskyttet indre småkupert kystslette.

Heile planområdet ligg utanfor 100-metersbelte mot sjø. Det er om lag 150 meter til sjø frå vestlegaste delen av planområdet. Det er innsyn til delar av planområdet frå sjø i vest. Planområdet vert elles noko synleg frå fylkesvegen som går gjennom området, og i frå skuleområdet.

Store deler av området vil bli transformert frå dagens situasjon med urørt naturområde til nytt bustadområde. Bygningane og infrastrukturen vil verta best mogleg tilpassa landskap og terreng. Planområdet er omgitt av naturområde, og fjern- og nærverknadar av utbygginga skal vurderast.

Det skal gjennomførast ei vurdering av korleis tiltaka vil påverke kvalitetar og opplevingsverdi i landskapet. Estetikk og utforming av bygg, teknisk infrastruktur skal skildrast. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast i konsekvensutgreiinga.

4.4 Naturmangfald

Området består i dag av noko lauvskog langs fylkesvegen, og elles skrinnskog. Innanfor området ligg Selevik skule og fv. 5068. Det er elles ingen andre etablerte tiltak i området.

Det er ingen registreringar av verneområde, prioriterte artar eller utvalde naturtypar med særskilt vern etter naturmangfaldlova i planområdet. Det er gjort observasjonar av karplantene olavsskjegg og bergsvineblom, samt brunløvtege innanfor planområdet, desse artane er vurdert som livskraftige (LC) i norsk rødliste for artar. Det er gjennomført sjekk av Naturbase og Artskart i juni 2023.

Ei utvikling av området til bustadareal vil medføre større verknader på naturmangfaldet i området. Sentrale tema vil vera arealbeslag og verknad på naturmangfald på land. I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på naturmiljøet, og naturmangfald er tema i konsekvensutgreiinga. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12. Det skal gjennomførast undersøkingar knytt til naturmangfald.

4.5 Folkehelse, nærmiljø og verknader for barn og unge

Det er ikkje registrert, eller kjent, at det er interesser knytt til barn og unge innanfor planområdet. Viser elles til kap. 4.2 Friluftsliv.

Kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremme helse i befolkninga. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i planen.


I eit folkehelseperspektiv er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg. Planen sitt føremål er bustadområde, og det vil såleis vera aktuelt å leggja til rette for gode uteområde med tilgang på leikeareal og møteplassar samt god tilgang til grøntområde og koplingar ut mot skogs- og tur-områda i nærleiken. Verknaden for folkehelse, barn og unge skal vurderast i planen. Verknader for naboar og nærområde av etablering av bustadområde skal utgreiast i planarbeidet.

I planprosessen skal ein sjå på tilboda i nærmiljøet og sikra tilkomst og tilrettelegging for koplingar mot eksisterande tilbod og tiltak i nærleiken av planområdet. Dette kan vera turtilbod, tilkomst til skule og barnehage m.m.

4.6 Kulturminne og kulturmiljø

Delar av planområdet i nord går inn i eit kommunalt listeført kulturminne; Hovstad i Dåfjorden, Gårdstun. Kulturminnet er beskrive som ulike bygningar og andre kulturminne i kystgardmiljø. Minnet består av 5 eldre bygningar, løe - grindbygg, bustadhus, 2 eldhus - bryggerhus og våningshus. Dei fleste bygga er frå 1800-talet. Løe-bygninga er av uviss tid. Det er ikkje synt enkeltminne på austsida av vegen.

Det er ingen andre automatisk freda kulturminne, registrerte kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor planområdet. Søk vart gjort i Askeladden juni 2023.



Figur 6 Utklipp frå Askeladden, plangrensa synt med stipla linje

Planframlegget vil skildre verknader for kulturminne og kulturmiljø, samt tilhøva for ev. ukjende kulturminne. Det er ikkje kjende murar og steingardar i området, men synfaring av området vil eventuelt gje svar på om det er eksisterande murar og steingardar innanfor området.

4.7 Teknisk infrastruktur


Deler av fv. 5068 er inkludert i planområdet. Fv. 5068 har ei trafikkmengd på 200 kjt/døgn (5 % del lange køyretøy) nord for Fiskaneset. Vegen er om lag 3,5 meter brei, det er ikkje etablert fortau langs vegen, men det er veglys langs strekninga. Vegen vert ikkje trafikkert av kollektivtrafikk. Det er ikkje registrert trafikkulukker på fylkesvegstrekinga. Planframlegget vil legge til rette for bustadområde med tilhøyrande trafikk til og frå området. Det skal etablerast to nye avkøyringar frå fv. 5068 til bustadområda.

I planprosessen skal ein sjå nærare på trafiksikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmonster, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikanter, samt ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden.

Det går ein offentleg vassleidning gjennom området som må leggjast om langs vegarealet. Det er ikkje offentleg avløp i området. Forhold til kapasitet og uttakspunkt for sløkkevatn skal omtalast i planarbeidet. Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan, som gir prinsippløysingar for vasstilførsle, vatn, avløp og overvatn. VA-rammeplanen skal vera ein del av plandokumenta, og den må innehalda vurderingar knytt til dimensjonering. VA-anlegg skal planleggast etter kommunen si VA-norm.

4.8 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Fitjar kommune skal òg nyttast.



Figur 7 Utsnitt aktsemdskart. NVE Atlas

Det er gul støysone knytt til fv. 5068 gjennom området. I Miljøstatus er det ikkje registrert forureina grunn. NVE Atlas syner at området ikkje ligg innanfor flaum- eller skredfaresone, eller aktsemdsområde for flaum, skred, jord- og flaumskred. Det er synt potensielt jord- flaumskredfare i ein mindre del som grensar inn til planområdet. Det er ingen registrerte skredhendingar, ustabile fjellparti, eller kvikkleire i området. Det går ein bekk gjennom området, som går langs fv. 5068 og har utløp i Botnatjørna sør-vest for planområdet.

Det meste av arealet ligg over marin grense, men deler av arealet i vest ligg under marin grense, og det kan difor vera generell fare for områdeskred/kvikkleire. Vestlege delar av området er difor omfatta av aktsemdsområde for kvikkleire. Lausmassekartet syner bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke i området. I følgje liste over lausmassestypar mot. sannsyn for marin leire, er marin leire stort sett fråverande i denne lausmassestypen. Det er ein del fjell i dagen innanfor planområdet.

Sentrale tema i ROS-analysen vil vera tilhøve for trafikk, trafikktryggleik, støy, skred og grunntilhøve. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil bli sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gonger i reguleringsplanen. Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS- analysen.

5 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

5.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnleggjast.

Det meste av området er avsett til LNF-areal i gjeldande kommuneplan, ein mindre del av området rundt Selevik skule er sett av til offentleg eller privat tenesteyting. Alternative utbyggingsalternativ/utformingar av

planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen. Ein vil gjennomføre eit silingsarbeid av utbyggingsalternativa når ein har auka kunnskapsgrunnlaget mellom anna kring naturmangfald i på land, skredfare, tilkomst m.v. og inngrep utover dagens situasjon.

0-alternativet: Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommuneplan.

Planalternativ: Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for eit nytt bustadområde i området avsett til LNF-areal i gjeldande kommuneplan. Utstrekning og omfang av bustadføreområdet, gangforbindelsar til omkringliggjande målpunkt, vegframføring og kryssløysing mot fylkesvegen er faktorar som skal vurderast.

Alternativ lokalisering: Det ligg inne eit bustadareal i kommuneplanen for framtidig bustadområde, litt nord for planområdet. Dåfjorden Utvikling har ikkje hand om dette arealet, og det er difor vanskeleg å få dette realisert.

5.2 Utgreiingstema og -metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ – for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken skildra i Statens Vegvesen si handbok V712, Konsekvensanalyser. For tema som gjeld klima og miljø skal Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2021) i hovudsak nyttast som metode for konsekvensutgreiinga.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet famnar om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Dette vil bli skildra i planframlegget. Konsekvensane som er utgreidd for ulike tiltak skal oppsummerast og samanstillast.

Planlagde utgreiingstema i konsekvensutgreiinga:

Tema	Moglege verknader/utgreiingsbehov	Kunnskapsgrunnlag (ikkje uttømande)
Bustadutvikling og samfunnsverknadar	Nye bustadareal gir høve til auka folketal i Dåfjorden. Verknader lokalt og kommunalt, i høve skule/barnehage, næringsliv	Informasjon frå aktørar i området, Fitjar kommune, tiltakshavar, innspel til oppstart av planarbeidet m.m. Lokalkunnskap Skulebruksplan
Landskap/estetikk	Utbygginga sin visuelle verknad på landskapet og for opplevingsverdiar. Verknader for naboar og nærområde. Nær – og fjernverknader Naturgeografiske forhold	Kommuneplan for Fitjar Grunnkart som syner busetnad Nasjonalt referansesystem for landskap Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland

	Geologi og landformer, vatn og vassdrag	Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011
Naturmangfald	Stette krava i naturmangfaldlova; Verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø/vassdrag Artar/økologiske funksjonsområde Arealbeslag Vassmiljø og påverknad	Naturbase Artskart/Artsdatabanken Vannportalen Viltet på Stord, rapport 2004 Lokalkunnskap Kartlegging av naturmangfaldet
Tilkomst/trafikk	Verknad for trafikk og transport Tilkomst, vegutforming, trafikkmengd Avstand til målpunkt Trafikktryggleik	Kommuneplanen sin arealdel Trafikktryggingsplan 2021 - 2031 Handbok N100

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord
Besøksadr.: Torgbakken 9
poststord@abo-ark.no